



1. kandidat
Mali Hildrun Settem

Marit Skogan Hyldebakk
2. kandidat

Svein Oddvar Dalen
3. kandidat

Surnadal KrF • Kommunevalet 2019

Ein god
barndom
varer
heile livet

Saman for eit varmare samfunn



Grunnsyn og mål

Kristeleg Folkeparti byggjer på eit kristent, humanistisk menneskesyn der alle menneske har lik verdi og rett til liv og vern. Einskild-individ eller grupper må ikkje diskriminerast.

Kristeleg Folkeparti ønskjer å byggje samfunnet på den kristne kulturarven.

Familie og oppvekst

- Vi vil arbeide for at barn ikkje skal oppleve mobbing og trakassering.
- Familieøkonomi skal ikkje hindre barn frå å delta i fritidsaktivitetar. Gratis aktivitetskort kan vere ei god ordning.
- Tilsette i barnehagar og skular skal ha

god fagleg kompetanse og få høve til etterutdanning.

- Kommunen bør leggje til rette for samlivskurs for foreldre.
- Alle offentlege møteplassar der barn og ungdom ferdist skal vere rusfrie.
- Vi vil arbeide for å etablere fleire avlastings- og fosterheimar.
- Vi skal ha ein desentralisert skulestruktur.

Helse og omsorg

- Ambulansetenesta må halde fram som i dag.
- Surnadal må ha ei god legevaksordning og jordmorteneste.

- Kommunen skal ha eit godt psykiatrisk helsetilbod.
- Kommunen må framleis satse på ei god heimeteneste, men og sikre nok sjukeheims plassar.
- Kommunen må førebyggje rusmisbruk ved å motarbeide tilgang på alkohol og andre rusmiddel.
- Kommunen må ha gode tiltak for behandling og rehabilitering av rusmisbrukarar.
- Kommune og kyrkje må halde fram med eit godt samarbeid for å gje omsorg i siste fase av livet.

Integrering

- Surnadal kommune må framleis leggje til rette for å kunne ta imot flyktningar og støtte gode integreringstiltak, frivillige og offentlege.
- Vi vil at våre nye landsmenn får høve til å nytte ressursane sine i gode samspel med andre.

Kyrkje og kultur

- Kyrkjer og kyrkjegardar må haldast i god stand, og det må gjevast gode økonomiske rammer for kyrkjeleg arbeid.
- Gode støtteordningar for idrett, kor, foreningar og andre fritidsaktivitetar for barn og unge.
- Gode arbeidsvilkår for frivilligsentralen.
- Gode arbeidsvilkår for kulturskulen.



Næringsliv

- Dyrkajord må bli nytta til matproduksjon, og ikkje som utbyggingsareal.
- Støtte verksemdar som vil nytte lokale skogressursar.
- Støtta gründerar og dei som vil skape nye arbeidsplassar.
- Arbeide for at skuleungdom får lærlingplassar.
- Vi ønskjer søndagsstengde butikkar.

Klima og miljø

- Vi vil arbeide for å forvalte skaparverket på ein god og ansvarsfull måte.
- Klima og miljø skal vere berande for all næringsutvikling .
- Kommunen sine bilar må bli køyrety med nullutslepp.
- Støtte ladestasjonar for el-bilar.
- Kjeldesorteringa må utvidast ved at kvar hushaldning får utdelt eigne dunkar for glas, metall og matavfall.
- Leggje til rette for å byggje toalett ved offentlege rasteplassar.

Samferdsel og trafikktryggleik

- Fylkesveg 65 må klassifiserast som riksveg og oppgraderast.
- Byggje gang- og sykkelvegar langs trafikkerte skulevegar.

VALLISTE SURNADAL KRF



*Saman for eit
varmare samfunn*

1. Mali Hildrun Settem, 6650 Surnadal, 1958
2. Marit Skogan Hyldbakk, 6640 Kvanne, 1971
3. Svein O. Dalen, 6652 Surnadal, 1949
4. Vidar Wilhelmsen Rygh, 6650 Surnadal, 1977
5. Marie Sollid, 6650 Surnadal, 1950
6. Nancy Anoba, 6650 Surnadal, 1967
7. Johannes Skjerdal, 6644 Bæverfjord, 1954
8. Møyfrid Torvik Røkkum, 6640 Kvanne, 1966
9. Per Arne Hyldbakk, 6640 Kvanne, 1970
10. Olav Meisingset, 6653 Øvre Surnadal, 1983
11. Inger Marie Paulsen, 6652 Surnadal, 1946
12. Einy Rendal Elgsæther, 6645 Todalen, 1940
13. Lene Gjeldnes, 6640 Kvanne, 1960
14. Kristian Albert Settem, 6650 Surnadal, 1955
15. Lars Arne Gjeldnes, 6640 Kvanne, 1966
16. Ester Karin Larsen, 6645 Todalen, 1952
17. Øyvind Svinvik, 6650 Surnadal, 1970
18. Terje Gulliksen, 6645 Todalen, 1947
19. Gunnhild Aukan Meisingset,
6653 Øvre Surnadal, 1981